

## **TRONG FOR AUKA KAPASITET OG BETRE ORDNINGAR FOR INNFARTSPARKERING I BERGENSOMRÅDET**

Fylkestinget vedtok i mars 2015 «Strategi for innfartsparkering fram mot 2030».

I planen heiter det at innfartsparkering er eitt av fleire tiltak for å nå dei felles overordna måla om at veksten i persontransporten i Bergensområdet (12 kommunar) skal handterast med gange, sykling og kollektivtransport.

Etter at rushtidsavgifta blei innført i februar har fleire nytta innfartsparkeringsplassane.

At plassane er attraktive er bra. Det som ikkje er bra er at vi får informasjon om store utfordringar knytt til kapasitet og bruk av desse plassane. Dette gjeld også på innfartsparkeringar for stamlinene.

Eg kan vise til nokre døme som er illustrerande for situasjonen:

- På Straume er kapasiteten for innfartsparkering for liten. Det fører til at reisande som elles ville parkert der og reist kollektivt eller med sykkel til Bergen vel å køyra med privatbil.
- Reisande som ønskjer å nytta bussen sporadisk vil i mange tilfelle ikkje ha eit reelt tilbod om innfartsparkering, då ein må ha månadskort/oblat for å få plass på innfartsparkeringa.
- Krav til oblat på fylket sine innfartsparkeringar hindrar no sykkelpendlarar frå Sotra frå å setja frå seg bilen på Storavatnet og sykla vidare til jobb i Bergen.
- I Åsane er det etablert midlertidig innfartsparkering ved Horisont. Denne ligg om lag 700 meter frå bussterminalen, noko som gjer tilbodet lite attraktivt.
- Ved snøggåtkaiene på Frekhaug og Kleppstø er det mangel på parkeringsplassar for dei stadig fleire pendlarane som ønskjer å nytta snøggåten til/frå Bergen.

Oppsummert er biletet at det i dag er for få innfartsparkeringsplassar på fleire trafikkårer inn mot Bergen sentrum og at dei plassane som eksisterer ikkje er tilfredsstillande i høve dei reisande sine behov. Vi har også registrert eit administrativt framlegg som inneber ein ny ytre bompengering og kraftig auka bompengesatsar i Bergen. Skulle dette bli ein realitet vil trongen for innfartsparkering auka langt ut over dagens behov.

Kva tiltak vil fylkeskommunen setje i verk for å betra på denne situasjonen og dermed medverke til å auke talet på kollektivreisande i Bergensområdet?

Frekhaug 09.12.2016

Nils Marton Aadland

Fylkestingsrepresentant (H)